

Søknad

Søknadsnr.	2017-0245	Søknadsår	2018	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2017			
Prosjektnavn	Konsekvensar av klimeendringer for det naturbaserte reiselivet i Norge			

Kort beskrivelse

Det overordna målet med prosjektet er å leggje til rette for berekraftig klimatilpassing innan det naturbaserte reiselivet i Norge.

Prosjektbeskrivelse

På verdsbasis er turistnæringa blant dei raskast veksande næringane, og utvikling av nye reiselivsprodukt er blitt ein viktig strategi for regional økonomisk utvikling i Norge. Samtidig påverkar klimaendringane vilkåra for turisme. Skiturismen blir alt i dag råka av snømangel på mange destinasjonar over heile verda, og forskning viser at problemet alt har gjort seg gjeldande ved ein del norske skistader. Reiseliv, og særleg naturbasert reiseliv, er avhengig av økosystemtenester og klimatenester som snø, estetisk tiltalande landskap og dyreliv. Reiselivet er òg avhengig av velfungerande fysisk infrastruktur, med vegar, hamner og telekommunikasjon. Alt dette blir påverka av klimaendringane, men likevel finst det lite kunnskap om korleis norsk turistindustri kjem til å bli råka i åra som kjem eller om evna til å takle potensielle utfordringar og påkjenningar med opphav i klimaendringane.

Det overordna målet med prosjektet er å leggje til rette for berekraftig klimatilpassing innan det naturbaserte reiselivet i Norge. Turistindustrien har respondert positivt på prosjektinitiativet, ettersom dei ser eit behov for meir kunnskap om desse temaa. Aktørane som er med i prosjektet kjem til å ta del i produksjonen av kunnskap, i tråd med det metodiske konseptet samproduksjon av kunnskap. Tilnærminga vil syte for at kunnskapen som kjem ut av prosjektet held høg kvalitet og sikre eigarskap blant deltakarane frå turistnæringa. Dessutan kan involveringa føre til at kunnskapen blir sett ut i livet i form av tilpassing til klimaendringar. Prosjektet omfattar fem casestudiar:

Fjellvandring, fysisk infrastruktur, jakt og fiske, vinterturisme og kyst- og skiturisme. Vidare vil prosjektet dra nytte av faglege innspel frå verdsleiar, internasjonale forskarar på feltet reiseliv og klimaendringar.

Prosjektet har planar om ei rekkje publikasjonar, både næringsretta og vitskaplege.

Vi vil leggje vekt på at dei populærvitskaplege tekstane er relevante for turistnæringa, organisasjonar og offentlege instansar med ansvar for reiseliv og klimatilpassing. Dei vitskaplege resultata vil vi presentere i tre typar informasjonsprodukt: 1) Ein klimateneste-modul skreddarsydd for reiseliv på www.klimaservicesenter.no; 2) eit interaktivt klimaspel som fremjar refleksjon rundt effektane av klimaendringar og tilpassingsalternativ for turistnæringa; og 3) kortrapportar eller faktaark om kvar case og ein populærvitskapleg rapport frå heile prosjektet – alt saman retta mot turistnæringa og ålmenta.

Prosjektet vi føreslår kjem til å vere viktig for strategiske forskingssenter og utdanningsprogram knytt til både Vestlandsforskning, Høgskulen på Vestlandet (HVL), Nord Universitet og Nordlandsforskning (NRI). Norsk klimaservicesenter ved Meteorologisk institutt vil også ha stor nytte av prosjektet. Prosjektet vil dessutan bidra til pågåande forskning og utdanning innan klimatilpassing og økosystemtenester ved Universitetet i Oslo, ved at professor Dag O. Hessen er deltakar.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Stiftinga Vestlandsforskning Org.nr:965919627	Sognahallen 6851 SOGNDAL	906 33 600
Kontakt- person	Eivind Brendehaug	Sognahallen 6851 SOGNDAL	95191752
Prosjekt- leder	Carlo Aall	Sognahallen 6851 SOGNDAL	99127222

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Støtte frå Sogn næring, næringsutvikling til forprosjekt om utmarksforvaltning 2014

Spesifikasjon

Bakgrunn

Reiselivsnæringa er ei av næringane som veks aller raskast. I dag står reiseliv for 10,2 prosent av verdas brutto utviklingsprodukt (WTTC 2017) og er særleg viktig i distrikta, ikkje minst i Norge. Samtidig blir reiseliv, og særleg naturbaserte former for reiseliv, påverka av klimaendringar. Dette er særleg merkbart i samband med snøbaserte aktivitetar, men verda over blir turistsektoren påverka av hyppigare hetebølger, skog- og lyngbrannar, stormar og andre naturskadehendingar. Den siste stortingsmeldinga om reiseliv legg opp til at næringa bør få same økonomiske betydning som olje- og gassindustrien (NoE, 2017). Parallelt med denne stortingsmeldinga har turistindustrien presentert eit eige vegkart for berekraftig reiseliv. Dette dokumentet fokuserer på korleis vi kan redusere klimautsleppa turistnæringa står for (De Historiske et al., 2017). Samtidig legg ingen av dei to policy-dokumenta særleg vekt på potensielle klimabidrag frå reiselivsnæringa. Det finst lite forskning på dei spesifikke utfordringane turistnæringa møter med tanke på klimaendringar, både internasjonalt og i Norge. Difor er det stort behov for meir kunnskap om dei potensielle effektane klimaendringane har på naturbasert reiseliv og korleis ein kan tilpasse seg for å handtere utfordringane.

Prosjekt mål

Det overordna målet med prosjektet er å legge til rette for berekraftig klimatilpassing tilpassing innan naturbasert reiseliv i Norge.

Delmåla er: (1) å vurdere følgjene av klimaendringar for vêrforhold som er kritiske for naturbasert reiseliv; (2) å vurdere følgjene av klimaendringar for utvalde økosystemtenester og fysisk infrastruktur som er kritisk for naturbasert turistindustri; (3) å utvikle tilpassingsstrategiar for dei involverte brukar-partnarane; og (4) å utvikle klimatenester som kan bidra til at turistnæringa tek inn over seg verknadene av klimaendringar og utvikle tilpassingsstrategiar og -tiltak.

Forankring

Prosjektet er forankra til dei regionale destinasjonsselskapa Visit Sognefjord, Destinasjon Nordfjord, Destinasjon Hardanger, Destinasjon Lofoten og NCE Tourism Fjord Norway. Desse akatørane er sentrale innan norsk naturbasert turisme, og har som mål å vere blant dei beste naturbaserte destinasjonane eller selskapa i Norge og i verda.

Partnerane har alle respondert positivt på prosjektinitiativet ut frå eit behov for meir berekraftige og miljøvenlege løysingar i næringa i åra som kjem. Dei etterspør kunnskap om klimaendringar og tilpassingsstrategiar for å nytte kunnskapen i sine strategiplanar. Det gjer også Den Norske Turistforening (DNT) og dei tre fylkeskommunane som deltek i prosjektet (Hordaland, Sogn og Fjordane og Nordland). Sogn og Fjordane fylkeskommune er i gang med å utvikle ein ny klimaplan der tittelen blir «Klimatilpassingsplan». I fylket sin noverande reiselivsplan er konseptet berekraftig reiseliv eitt av hovudperspektiva.

Prosjektorganisering

Prosjektet er leidd av Vestlandsforskning, som òg har hovudansvaret for å utføre casestudiane på Sørlandet og Vestlandet og vurdere korleis fysisk infrastruktur av relevans for reiselivet kan bli påverka av klimaendringar. Prosjektleiaren er professor Carlo Aall, som har utført mykje forskning innan berekraftig utvikling, berekraftig reiseliv og lokal klimatilpassing. All er professor i berekraftig utvikling ved Høgskulen på Vestlandet (HVL), der han har ansvar for eit marsterkurs i samfunnsmessig omstilling, ein del av det internasjonale masterprogrammet Climate Change Management.

Andre tilsette ved Vestlandsforskning deltek også i prosjektet. Halvor Dannevig har ein ph.d. i planlegging og klimatilpassing, og jobbar dessutan med naturbasert reiseliv. Han er prosjekt- og arbeidspakkeleiar for fleire større forskingsprosjekt knytt til klimatilpassing. Eivind Brendehaug har ein ph.d. i ressursforvaltning og har leidd fleire prosjekt knytt til berekraftig reiseliv, klimaendringar og landbruk og miljøforvaltning. Ida Marie Gildestad har ein mastergrad i samfunnsgeografi og arbeider med naturbasert reiseliv og klimatilpassing. Professor Stefan Gössling er ein internasjonalt leiande ekspert innan forskning på berekraftig reiseliv. Han har vore leiar for fleire forskingsprosjekt om reiseliv og klimaendringar. Gössling kjem til å fungere som vitskapleg rådgjevar for prosjektet.

Vestlandforskning arbeidet tett med følgjande forskingspartnerar:

Nordlandsforskning (NRI) har hovudansvaret for å utføre casestudiane i Nord-Norge.

Karin M. Antonsen har ein ph.d. i samfunnsgeografi frå NTNU og har arbeidd tett med turistnæringa i mange prosjekt. Ho er også engasjert i forskning om Nordland sin fylkesstrategi for reiseliv, som byggjer på konseptet «smart specialization». I tillegg er Ingrid Bay-Larsen med i prosjektet. Ho er forskingsleiar for forskingsgruppa på miljø og samfunn ved Nordlandsforskning og har over 15 års erfaring frå forskingsprosjekt innan klimatilpassing, miljørisiko og involvering av lokal og vitskapleg kunnskap i konfliktar om bruk og vern, restaurering av landskap og biologisk mangfald. Merete Fabritius har ein mastergrad i sosiologi og arbeider med ruralsosiologi, turistmeutvikling, innovasjon og institusjonell teori og analysar. I tillegg kjem Kristina Svells og Bjørn Vangelsten, som begge har ein ph.d. og skal bidra i arbeidspakke 2.

Senter for berekraftig reiseliv og transport ved Breda University of Applied Sciences (CSTT) har hovudansvaret for å utvikle klimaspelet. Professor Paul Peeters har ansvaret for arbeidet. Han er fagleg leiar for senteret og er spesialist på miljøkonsekvensar av reiseliv og samferdsle knytt til reiseliv, med særleg fokus på utsleppsreducerande tiltak.

Uni Research AS (UNI) og MET Norway (MET) har ansvar for klimamodellering og utvikling a vein nettbasert reiselivsmodul på nettsidene til Norsk klimaservicesenter. Stephanie Mayer er forskingsdirektør ved UNI. Hennes største forskningsinteresser er atmosfærisk modellering og observasjonsteknikkar. I arbeidet for Norsk klimaservicesenter har ho fått erfaring innan formidling og tovegs-kommunikasjon med praktikarar i ulike næringar. Inger Hanssen-Bauer (MET) er direktør for Norsk klimaservicesenter og har lang erfaring frå klimaforskning, inkludert tverrfagleg forskning og produksjon av klimatenester for ålmenta.

Institutt for biovitenskap ved Universitetet i Oslo (UiO) har ansvar for å vurdere kva for økosystemtenester som blir påverka av klimaendringar og har relevans for reiselivet. Professor Dag O. Hessen er ein internasjonalt leiande forskar innan biologi. Han er mellom anna oppteken av klimaeffektar på økologi.

Miljøfaglig Utredning (MFU), har ansvar for empirisk arbeid knytt til å vurdere reiselivsrelevant klimapåverknad på biologisk mangfald. Arbeidet blir utført av seniorrådgjevar Geir Gaarder og rådgjevarane Kristin Wangen og Kirstin Maria Flynn Steinsvåg.

Følgjande internasjonale ekspertar vil bidra til å velje den detaljerte metodikken for casestudiane og klimaspelet og vere med på den vitskaplege publiseringa frå prosjektet:

Professor Daniel Scott ved University of Waterloo (UoW) er den mest siterte forskaren på klimaendringar og vinterturisme og ein leiande fagperson på klimaendringar og reiseliv generelt. Professor Bruno Abegg ved University of Innsbruck (UoI) i Austerrike er også blant verdas fremste ekspertar på feltet klima og reiseliv. Professor Michael C. Hall ved Department of Management, Marketing and Entrepreneurship ved University of Canterbury (UoC) i New Zealand er ein av verdas mest siterte reiselivsforskarar uavhengig av fagdisiplin og har i mange år vore leiande innan berekraftig reiseliv.

I tillegg vil Hilde Charlotte Solheim (privatkonsulent og tidlegare leiar for Virke reiseliv) ha rolla som brukar-koordinator , med ansvar for å avvikle møte og arbeidsverkstader for brukarar og praktikarar.

Prosjektet kjem til å oppnemne ei vitskapleg styringsgruppe der deltakarane er Aall (WNRI, leader), Brendehaug (WNRI, sekretær), Bay-Larsen (NRI), Peeters (CSTT) og Mayer (UNI). Desse personane kjem til å møtast via video fire gonger i året og vil ha det overordna ansvaret for å sjå til at prosjektet har god framgang og er tverrfagleg.

Ei vitskapleg rådgjevargruppe vil også bli nedsett, og deltakarane er medlemmane av styringsgruppa pluss Gössling (WNRI), Hessen (UoO), Scott (UoW), Hall (UoC) og Abegg (UoI). Dei kjem til å møtast årleg, helst ansikt til ansikt, og har ansvar for å sikre den vitskaplege kvaliteten i prosjektet og god vitskapleg publisering. Alle i den vitskaplege rådgjevargruppa blir inviterte til å vere medforfattarar på prosjektet sine vitskaplege publikasjonar.

Samarbeidspartnere

See "Forankring" og "Prosjektorganisering"

Aktiviteter

Kjernen i prosjektet er fem casestudier (sjå prosjektmøtet vedlagt). Hovudansvaret for desse casestudiane ligg hjå Vestlandsforskning (case 1, 2, 3 og 4) og Nordlandsforskning (case 5). Prosjektet er delt i fire arbeidspakkar (AP) med fleire oppgåver.

AP1: Kunnskapsoppsumming

Vi førebur ein casestudie-protokoll for å sikre ein god bruk av analysemodellen for alle dei fem casane. Slik håpar vi å legge til rette for ei samanlikning av resultat på tvers av casar, og samtidig sikre at vi får resultat vi kan bruke i klimaspelet (AP3). Denne prosessen vil også bli utført i dialog med brukargruppa. Påverknadskategoriane og parameterane vil bli valde ut slik at nokre av dei høver godt for klimaspelet og klimamodelleringa. For meir om oppgåvene, sjå prosjektmøtet vedlagt.

AP2 Klimapåverknad og vurdering av motstandsevne

Utgangspunktet for casestudiane er analysen av klimaendringar. UNI har tilgang til omfattande klimamodelleringsdata med relevans for Norge, gjennom aktiv deltaking i europeiske prosjekt. Nye klimamodelleringsdata kjem til å vere tilgjengelege i 2019, og det vil prosjektet dra nytte av.

Resultata frå klimamodelleringa vil bli nytta til å analysere mogelege følgjer på økosystemtenester (ØS) og fysisk infrastruktur med relevans for dei studerte aktivitetane i det naturbaserte reiselivet. Casestudiane omfattar ein analyse av motstandsevna til reiselivssystema i kvart tilfelle. Dei vil òg utgjere eit første, breitt sett med indikatorar for klimaspelet – meir nøyaktig ei liste med ulike brukarroller, innsats-indikatorar og tiltak som kan setjast i verk av brukarane. For ytterlegare utdjupeing av oppgåvene, sjå prosjektmøtet vedlagt.

AP3 Klimaspelet

Dei som skal delta i klimaspelet er representantar for reiselivsselskap, reisemålsorganisasjonar og offentlege instansar som driv med reiselivsutvikling. Føremålet med spelet er 1) å skape forståing i turistnæringa for dei potensielle følgjene klimaendringane kan få for naturbasert reiseliv, (2) å forstå dei mogelege ulempene ved ulike tilpassingsstrategiar, og (3) å byggje ein kunnskapsbase for kvar turismeaktør slik at dei kan analysere korleis klimaendringane kan komme til å påverke interessene deira og korleis dei kan tilpasse seg til det.

Hovudinnhaldet i spelet er casestudieresultata frå AP2. I tillegg vil vi dra nytte av to tidlegare prosjekt som forskingspartnarane i det føreslåtte prosjektet har vore involverte i. Først eit databasert berekraft-spel for reiselivet som har som mål å kutte utsleppa av klimagassar og auke talet på innalandske turistar i Norge. Dette vil bli endra eller supplert med funksjonalitet for korleis klimandringane påverkar turismeutvikling i tydinga turiststraum, sesong, inntekter per turistsegment, kostnader ved å oppretthalde turismen og infrastruktur. Vidare vil vi bruke framskrivingar for snødekke utvikla med SkiSim-modellen. Denne kan brukast til å rekne ut korleis klimaendringane påverkar snø-reliabilitet; modellen er blitt nytta i ei rekkje vitskaplege publikasjonar som partnerane i dette prosjektet står bak – inkludert utrekningar for alle skidestinasjonane i Norge. Vi kjem til å bruke tre ulike klima klimascenario i spelet, og scenarioa viser til ei verd med følgjande temperaturauke: +1.5 ° C, + 2.0 ° C og + 4.0 ° C. For å teste motstandsevne (resiliens), vil vi òg gå ut frå tre ulike globale scenario for økonomi og folketal: låg, medium og høg vekst (økonomi og folketal) som kan gje meining for dei potensielle globale turistmarknadene. (For informasjon om oppgåver, sjå prosjektomtalen vedlagt).

AP4 Synergjar og konklusjon

AP4 omfattar to hovudaktivitetar: å utvikle ein klimaservicemodul skreddarsydd for reiseliv og sikre at modulen blir implementert på den eksisterande nettsida til Norsk klimaservicesenter (www.klimaservicesenter.no) og å publisere populærvitskaplege og vitskaplege resultat frå prosjektet. For meir informasjon om oppgåvene, sjå side 6-8 i den vedlagde projektskissa.

Konklusjonane frå dei fem casestudiane og brukarmøta er grunnleggjande for prosjektet sin overordna konklusjon. Eit svært viktig punkt er avrundinga av AP1, der leiinga i prosjektet må ta viktige avgjerder med tanke på detaljert metodologi i AP2. Likeins er avslutninga av AP2 grunnleggjande viktig for å oppnå delmål 1 og 2, slutføringa av AP2 er viktig for delmål 3, og AP4 er avgjerande for å oppnå både det overordna målet og delmål 4.

Målgrupper

Reiselivspartnerane i prosjektet (t.d. reisemålsorganisasjonane) etterspør no kunnskap om klimaendringar og tilpassingsstrategiar. Prosjektet har tre målgrupper: 1) selskapa og organisasjonane som tek direkte del i kunnskapsproduksjonen, 2) andre turistselskap og organisasjonar over heile Norge, og 3) offentlege instansar med ansvar for reiseliv og klimatilpassing.

Prosjektet vil bidra til å fylle prosjektpartnerane sine kunnskapsbehov, og som tidlegare nemnt tek dei mål av seg til å vere blant dei beste naturbaserte og klimavenlege reisemåla i verda. Som ein del av prosjektdeltakinga, vil brukarpartnerane vil bli bedne om å utvikle sine eigne tilpassingsstrategiar. Slik vil reisemåla og selskapa som er med få direkte nytte av å delta i prosjektet. Vidare vil prosjektet formidle kunnskap på fleire måtar (sjå resultat under) og spreie resultata til heile turistnæringa (t.d. ein klimaservicemodul skreddarsydd for reiselivet på den eksisterande nettsida www.klimaservicesenter.no). Alle aktørane innan naturbasert reiseliv som står utanfor prosjektet kan slik sett ta del i nytten.

Resultat

Prosjektet legg stor vekt på populærvitskapleg og brukarretta formidling basert på prosjektmetodikken, som er samproduksjon av kunnskap der reiselivsaktørar deltek saman med forskarar. Tilnærminga kjem til å sikre turistnæringa unik tilgang til resultata og bidreg til at kunnskapen blir teken i bruk.

Dei tre målgruppene får lik tilgang til resultata gjennom dei tre formene for informasjonsprodukt frå prosjektet: 1) Ein klimaservicemodul skreddarsydd for reiselivet, tilgjengeleg på www.klimaservicesenter.no; 2) eit interaktivt klimaspel som skal stimulere til refleksjon rundt klimaeffektar og tilpassingsalternativ i reiselivet; og 3) kortrapportar eller faktaark frå kvar case og ein populærvitskapleg rapport frå heile prosjektet, retta både mot turistnæringa og ålmenta.

I tillegg vil prosjektet syte for intern informasjon på nett, sende stoff til relevante nettbaserte informasjonskanalar, sende nyhende-brev til reiselivsorganisasjonar og presentere prosjektet på arrangement for turistnæringa.

Prosjektet vil òg stå for publisering av vitskaplege artiklar:

- to artiklar som summerer analysen av klimaeffektar for ulike kategoriar av naturbasert reiseliv og ein artikkel som skisserer motstandsevna (resiliensen) i turistnæringa overfor klimapåkjenningane i klimaframskrivingane.
- ein vitskapleg artikkel som legg fram klimaspelet og resultata frå utprøvinga av spelet - ein vitskapleg artikkel som tek for seg klimatenester for reiselivet og ein artikkel som samanfatar resultata frå prosjektet og presenterer tilpassingsstrategiane.

Prosjektet vil òg legge fram førebelse resultat på relevante vitskaplege konferansar. Forskarane vil aktivt dele lenkjer til publikasjonane sine og formidle kva som skjer på prosjektarrangement (både for folk flest og akademikarar) via sosiale medium (Twitter og Facebook). Hashtaggen er #climtour.

Prosjektet har eit kommunikasjonsbudsjett (150 000 norske kroner sett av til styringsgruppa, sjå detaljerte kommentarar i budsjettet). Desse midlane skal brukast av kommunikasjonsmedarbeidarar ved Vestlandsforskning og Nordlandsforskning til å skrive populærvitskaplege artiklar i samarbeid med prosjektdeltakarane.

Effekter

Gjennom arbeidet i brukargruppa vil prosjektet oppmode deltakarane frå turistnæringa til å ta i bruk kunnskapen i form av tilpassingsstrategiar i deira strategiske planar. Den viktigaste effekten er difor at bedrifter og offentlege organ implementerer kunnskap i deira styringssystem. På det viser skal kunnskapen frå prosjektet gi seg utslag i faktisk endring ute i bedriftene og i verkemiddelbruken til offentlege aktørar.

I tillegg har prosjektet som mål å publisere vitenskaplege artiklar som blir siterte i den kommande (sjette) hovudrapporten frå FNs klimapanel (IPCC). Dette vil prosjektet gjere ved å fylle kunnskapshol som har å gjere med korleis klimaendringane påverkar turistnæringa. Norge har forplikta seg til å arbeide for å nå FN sine berekraftsmål (SDG) og turistnæringa burde vere omfatta for å nå måla i SDG 13, klimahandling (styrke motstandsevna mot klimarelaterte trugsmål: styrke utdanning, medvit og institusjonell kapasitet for utsleppsreduksjon og klimatilpassing).

Det føreslåtte prosjektet vil skaffe viktig kompetanse til strategiske forskingssenter og utdanningsprogram knytt til både Vestlandsforskning, Høgskulen på Vestlandet, Nord universitet og Nordlandsforskning. Vestlandsforskning er vertskap for eit senter for berekraftig klimatilpassing. Prosjektet er relevant for å oppretthalde arven etter det store forskingsprogrammet Northern Insight (Opplevelser i nord, Forskningsløft nord) 2011-2017 der Nordlandsforskning var djupt involverte. Blant utdanningsprogramma som kan dra nytte av prosjektet er masterprogrammet om klimatilpassing og utsleppsreduksjon etablert i 2016 ved Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal, i tillegg til kurs og bachelorprogram i naturbasert reiseliv både ved HVL og Nord universitet. Både Vestlandsforskning og Nordlandsforskning samarbeider tett med desse utdanningsinstitusjonane og forskingsinstitutta bidreg fagleg til utdanningsprogramma.

Vidare vil prosjektet vere nyttig for Norsk klimaservicesenter ved MET (som nemnt i omtalen av AP2). Prosjektet er svært relevant for porteføljane til UNI og MET, som omfattar analysar av fortidas, samtidas og framtidas klima i Norge. UNI er ein av partnarane i Bjerknessenteret (Bjerknes Centre for Climate Research, BCCR), eit internasjonalt leiande klimaforskingssenter med ekspertise på arktisk forskning og har ei lang merittliste når det gjeld tverrfaglege forskingsprosjekt og ei veletablert kommunikasjonsavdeling. Prosjektet vil òg bidra til pågåande forskning og utdanning innan klimatilpassing og økosystemtenester ved UiO gjennom professor Dag O. Hessen si deltaking. Hessen opptrer ofte i media som ekspertkommentator på fagfeltet sitt og kjem til å bidra til formidlinga i prosjektet.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Sjå vedlagt mileplesplan

Kostnadsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Andre driftskostnader	186 000	186 000	186 000	186 000		744 000
Innkjøp av FOU	1 665 000	1 665 000	1 665 000	1 665 000		6 660 000
Løn og indirekte kostnader	1 050 000	1 050 000	1 050 000	1 050 000		4 200 000
Sum kostnad	2 901 000	2 901 000	2 901 000	2 901 000		11 604 000

Beløpet over er totalt kostnadsoverslag for prosjektet, inkludert brukarane sin deltaking.

Finansieringsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Anna offentlig	138 500	138 500	138 500	138 500		554 000
Forskningsrådet	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000		10 000 000
Internasjonal	25 000	25 000	25 000	25 000		100 000
Privat	87 500	87 500	87 500	87 500		350 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2017	75 000	75 000	75 000	75 000		300 000
Sum finansiering	2 826 000	2 826 000	2 826 000	2 826 000		11 304 000

Offentlig finansiering er søkt slik: Hordaland fylkeskommune kr. 300.000, Sogn og Fjordane fylkeskommune kr. 300.000, Nordland fylkeskommune kr. 150.000.

Privat finansiering er søkt slik: DNT kr. 150.000 og Flåm AS kr. 200.000. Dette utgjør i sum brukerfinansieringa i prosjektet (10% av totaltbudsjett).

Geografi

1400-Sogn og Fjordane

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Milepelar.pdf	363 012	25.10.2017
S-CLIMTOURsubmission.pdf	396 159	25.10.2017